

Eit pulserande uteliv i Sogndal!

Quality Hotel Sogndal har eit ynskje om og vera vertskap for det beste utemiljøet i Sogndal og omegn. For å nå dette målet kjem me til og gjera nokre konseptendringar på SOHO Diskotek frå starten av 2012.

- Laurdag 14. januar er fyrste opningsdag etter juleferien. Det vil òg vera fyrste laurdagen der me har 20 årsgrense på SOHO Diskotek.
- Me skiftar til nytt DJ-byrå for å få best mogleg musikk.
- Alle rettar i baren.
- Kleskode og garderobeplikt.
- Profesjonelle barkeepers.
- Fokus på temakvelder og liknande.
- Oppgradert lys- og laserutstyr!

At SOHO Diskotek frå 2012 vil vera ein nattklubb for 20-åringar laurdagane betyr ikkje at me ynskjer og byggja ned tilbodet til dei mellom 18 og 20 år. Frå og med fredag 3. februar kjem me til å ha eit prosjekt der me held opent med 18 årsgrense alle fredagar i februar, mars og april. Quality Hotel Sogndal ser heilt klart behov for ein utestad som held opent både fredagar og laurdagar.

Me ynskjer heller ikkje skremma vekk potensielle gjester med og innføra kleskode, og me meiner heller ikkje at ein skal møta dresskledd kvar fredag og laurdag. Vår intensjon er at det skal vera hyggjeleg å gå ut for alle, og i festleg lag vil det vera naturleg at ein går fint kledd.

Quality Hotel Sogndal har vore og vil framleis vera ein viktig del av utelivsmiljøet i Sogndal, og me ynskjer og stimulera ulike marknadsbehov. Me ynskjer dykk hjartleg velkomne til godt uteliv på SOHO i 2012.

Quality Hotel Sogndal, 21. desember 2011

Erlend Fardal Lunde
Hotellsjef